

Eigedomsskatt på bustadar i Osterøy kommune – bruk av bustadverdi frå Skatteetaten

Osterøy kommune skriv ut eigedomsskatt blant anna på bustadeigedomar.

For bustadar har kommunestyret vedteke å bruke Skatteetaten sine bustadverdiar (formuesgrunnlag) som grunnbeløp for utrekning av eigedomsskatten. I tilfelle der kommunen ikkje har motteke bustadverdi på einskildeigedommar, er den verdien som skatten vert rekna av (eigedomsskattetaksten), fastsett av kommunen (takstnemnda for eigedomsskatt) i medhold av eigedomsskattelova.

Det er kommunen som har ansvar for utskrivinga av eigedomsskatt.

Utrekning av eigedomsskatt

For å rekne ut eigedomsskattebeløpet har kommunen tatt utgangspunkt i Skatteetaten sin bustadverdi. Verdien er eit anslag på bustaden sin marknadsverdi, rekna i høve til areal, byggeår, bustadtype, plassering og opplysningar om omsette bustadar i kommunen.

OBS – Viktig i høve til fastsetjing av eigedomsskattegrunnlaget:

Formuesverdien (likningsverdien) utgjer normalt 25 prosent av bustadverdien for primærbustad, og 60 prosent av bustadverdien for sekundærbustad.

Kommunane skal ved eigedomsskatteutskrivinga ta utgangspunkt i den fulle bustadverdien og multiplisere den med 0,8 i 2017. Det er altså den totale bustadverdien som vert lagt til grunn, og ikkje likningsverdien.

Døme på utrekning av eigedomsskatt:

Skatteetaten sin bustadverdi er 2 millioner kroner. (Likningsverdien i sjølvmeldinga vil då vere kr 500 000)

2 millionar x 0,8 gjev justert bustadverdi kr. 1.600 000

Skattegrunnlag = justert bustadverdi kr. 1 600 000

Promille: 3,15

Utrekna eigedomsskatt kr. 5 040

Klage

Ved spørsmål om eigedomsskatt kan du vende deg til kommunen. Klager som kan gjelde takstnemnda i Osterøy kommune sin fastjing av takst, samt Osterøy kommune sin utskriving av eigedomsskatt for 2017, kan sendast skriftlig til kommunen innen 20. april 2017.

Dersom du meiner Skatteetaten sin bustadverdi er feil, må du kontrollere opplysningane Skatteetaten har om bustaden din: Primærareal (P-areal), byggeår, samt bustadtype.

Gjeldande faktaopplysningar om bustaden din finn du under "Grunnlag for formuesverdi" post 4.3.2 på side 2 i fjorårets skattemelding (NB: Det er likningsverdien du finn der). I 2017 vert Skatteetaten sine verdiar frå 2015 nytta. Det vil seie verdien på bustaden pr 31. desember 2015. Hvis opplysningane om bustaden din er feil, må du sende klage til Skatteetaten. Det gjeld òg dersom du meiner bustadverdien er for høg i høve til antatt marknadsverdi.

Meir informasjon om dokumentasjonen av marknadsverdi og høve til å klage på Skatteetaten sin bustadverdi finn du på www.skatteetaten.no/bolig. Skatteetaten har telefon 800 80 000.

Osterøy kommune
Eigedomsskattekontoret